

Lita skrift

Audrey

Ho pryder framsida av mai-nummeret av Vanity Fair med det vakreste biletet eg har sett av henne nokosinne. I tilfellet Audrey Hepburn (1929–1993) seier det ikkje lite, om eit ikon som hadde ein rein, klassisk og naturleg venleik over seg som ingen annan, anten det var på eller utanfor filmduken. Og eg kan med visse slå fast at ho var mi største stjerne alt frå 50-åra av. Når ho pryder det glossy magasinet Vanity Fair, i mai, kjem det av boka *Audrey In Rome*, skriven av sonen Luca Dotti frå det andre ekteskapet hennar, med fantastiske nye bilete av ei kvinne som ikkje stilte seg ut, men som heller ikkje gjekk i dekning mellom folk, i byen ho elska det tiåret ho budde der, og som boka handlar om. Det var då ho alt i 1953 fekk Oscar for rolla i *Roman Holiday*, på norsk *Prinsesse på vift (!)*, med Gregory Peck som motspelar.

I dette tiåret spela ho også inn den sterke *Sabrina* (med Humphrey Bogart og William Holden), klassikaren *Krig og fred* etter Tolstojs roman (mot sin første ektemann Mel Ferrer), den første musikalen hennar, *Funny Face*, og Fred Zinnemanns *Nonnens historie* i 1959. Etter ein gløymd westernfilm innleidde ho 60-åra med *Frokost hos Tiffany's*, der ho med den vare stemma syng ein av Henry Mancinis vakreste sanger, «Moon River», til tekst av Johnny Mercer.

I mengda av klassikarar tek vi også med *My Fair Lady*, der ho som den oppstasa Eliza Doolittle slår alle etterkomarar av banen, men dette er ingen filmografi. Filmene var heller ikkje så mange etterpå, men det var stil over dei. Den ujalte kvinna aldri med eit naturleg ynde og gjekk bort altfor tidleg. Men ei veninne i New York fortel at Vanity Fair-biletet er overalt. Så kom mai du vene, milde.

R.H.

Arkivert

Det er t.d. kosteleg å sjå korleis objektivitetens talsmann framfor nokon, Herbjørn Sørebo, sit ved formannen i utanriks- og konstitusjonsnemnda sine føter.

Leiar om NRK-journalistikk i Dag og Tid 25. april 1973



Tidsbilete

Natt til 26. april 1986 eksploderte ein av dei fire reaktorane i atomkraftverket i **Tsjernobyl**, ti mil frå millionbyen Kiev i det som no er Ukraina, men som då var Sovjet. Og resten er historie – med ei halveringstid som Cesium 137 på 30,7 år.

Biletet viser ein såkalla likvidator, ein av dei som på ordre eller friviljug tok seg inn i det radioaktive området for å freiste reinske opp i skiten. Ikkje mindre enn 600.000 personar har fått status – og især i Russland heltestatus med medalje og pensjon – som likvidator etter Tsjernobyl-katastrofen for oppreinskinga dei stod for mellom 1986 og 1992. Somme fekk skadar for livet, men nett kor mange det var, er det stor usemje om. Dødstala sprikjer frå under hundre via 4000 (WHO) til 93.000 (Greenpeace) i heile Europa.

Likvidatoren på biletet fann denne vogna – med eit barn oppi – i ein elles folketom bygning i Tatsenki, dit han var send for å måla radioaktivitet. Her møtte han òg fotografen Igor Kostin, den einaste frå pressa som var til stades der og då det hende.

Diverre fekk ikkje Kostin lov av Sovjet-leiinga til å publisera bileta sine før lenge etterpå. Berre ein av dei mange rullane han tok, viste seg å vera brukande, dei andre var øydelagde av stråling. Det er dels òg Igor Kostin sjølv.

JOX



Klok på bok

Kven er du?

Nils Ottesen, Audun Offerdal, Gunder Runde, Cyno Grassator, Bjarne Eilertsen, Kari Pålstrud, Ole Bjørn Rongen, Ivar Kristensen, Rolf Stavrum, Hege Lyng, Randi Brenden, Gunnar Bæra, Ståle Ritland, Kristian Staveland, Jorunn Øxnevad Lie, Rigmor Dina Farstad, Torleiv Kløve, Liv Andresen, Thana Rongen, Rannveig Nordhagen, Ester Niemi Rystrom, Beret Guldborg, Geir Instanes, Olav Molven, dei kvasse på Fana filial, Eirik Holten og Ingvar Engen har sendt inn rett svar. Ivar Kristiansen er vinnar i dag, på grunn av namnelikskapen med forfattaren.

Gunnar Bæra: «Idar Kristiansen (1932–1985) var utdanna frå Tromsø lærarskule. Han debuterte som lyrikar med samlinga *Sanger fra en tundra* i 1957 og følgde opp

med *Alt du trodde glemt* i 1961. I 1970 kom det ei dokumentarbok om Kautokeino-opprøret som gjekk føre seg på 1850-talet. Åtte år seinare kom det første bandet i kvartetten *Kornet og fiskene* om den finske innvandringa til Noreg på 1800-talet: *Svanevinger i nord* (1978), *Den salte åkeren* (1979), *Stiene fører til havet* (1980) og *Guds nåde nordpå* (1981). Serien vart nominert til Nordisk råds litteraturpris, og dei to første bøkene vart seinare filmatiserte av Lasse Glomm med tittelen *Havlandet* i 1985. Teksten er henta frå band tre.»

Ståle Ritland: «Idar Kristiansen vokste opp i Kåfjord der norsk, samisk og kvensk var levende språk. Han opplevde *Tre stammers møte* som er tittelen på Carl Schøyens kritikkeroste bok. W. Krag hadde suksess med lanseringen av begrepet Sørlandet. Schøyen forsøkte seg med begrepet Nordlandet om våre tre nordligste fylker, men har vel ikke fått gjennomslag for dette. For en mannsalder siden jobbet jeg et år i Kautokeino og ble interessert i litterært stoff om oppstanden der i 1852. I den anledning fikk jeg kjennskap til Idar Kristiansen og hans bok *Korstog mot Kautokeino*. Her skriver han minst like godt som mange andre forfattere som har beskjeftiget seg med dette emnet. I aktuelle kvartett skildres innvandring til Nord-Troms av finner fra Tornedalen. Øystein Rottm i *Norges litteraturhistorie* spanderer bare noen få linjer på Idar Kristiansen og er vel surmaget. Han beskyldes for lemfeldig omgang med historiske data og stiller seg uforstående til at han ble nominert til Nordisk råds litteraturpris.»

«Bøkene er skrevet i et religiøst perspektiv. Det viser blant annet tittelen på serien *Kornet og fiskene*, som viser til mira-

klet i ørken, hvor Jesus mettet 5000 mann med fem brød og to fisker. Andre bindet heter *Den salte åkeren*, som er et bilde for de store fiskeressurser som er i nord. Siste bindet heter da også *Guds nåde nordpå*, og der fremstår vel den fiskerike kysten i nord som Guds nåde for sultne finnlendere? Et meget godt skrevet verk som for tjener å bli lest på nytt, av mange», skriv Bjarne Eilertsen.

«Det er bra at Kpb også dreg fram halvveges gløymde forfattarar, og vi treng kanskje å verte minte på at det finst eit litterært landskap også i den delen av landet som gjerne vert kalla for 'utkant'. Minner om boka *Det er Oslo som ligger avsides*», skriv vår velklingande Gunder Runde, som meiner han bur i verdas navle, Ulsteinvik.

Klok på bok 1095

At last I could row no further. My hands were blistered, my back was burned, my body ached. With a sigh, making barely a splash, I slipped overboard. With slow strokes, my long hair floating about me, like a flower of the sea, like an anemone, like a jellyfish of the kind you see in the waters of Brazil, I swam towards the strange island.

I skrivande stund er det verdas bokdag. Difor er eg internasjonal i dag, vi skal nemleg til eit anna kontinent. Denne boka er sterkt inspirert av ei bok vi hadde som oppgave her for eit års tid sidan. Kjenner du verk og forfattar? Skriv til klok@dagogtid.no innan 3. mai.

DOKTER KJEVEBEN